



Olav Bjørn Lygre
Ytre-Tysse 145
5650 TYSSE

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3631 - 19/5454

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
21.02.2019

Løyve til oppføring av tilbygg driftsbygning - gbnr 58/3 Lygre indre

Administrativt vedtak. Saknr: 112/19

Tiltakshavar: Olav Bjørn Lygre
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§19-2, 20-1 og 20-4.

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av 2 tilbygg til driftsbygning landbruk med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 153 m².

Det vert elles vist til søknad motteken 20.12.2018 og klar til handsaming 14.02.2019.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 14.02.2019 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden er definert som LNF.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er henta inn slik uttale frå **Hordaland Fylkeskommune** den 13.02.2019.

« Me viser til e-post mottatt 31.01.19 med søknad om tilbygg til driftsbygning, samt e-post frå Riksantikvaren mottatt 06.02.19. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor vist plassering. Nordvest for område ligg den mellomalderske kyrkjestaden på Lygra (Askeladden id. 84346) og søraust for område ligg Sjurhøgjen – ein gravhaug frå jernalder (Askeladden id. 45456), potensialet for nye funn av automatisk freda kulturminne innanfor områda vart likevell vurdert til å vera lågt. Me har difor ingen avgjerande merknader i saka.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar av trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Saka har også vore lagt fram for Riksantikvaren som har gitt følgjande fråsegn i saka:

«**Riksantikvaren** uttaler seg som kulturminnemyndigheit for automatisk freda kyrkjestader frå mellomalderen etter kulturminnelova §§ 8 og 9. Søknaden er sendt til Riksantikvaren fordi eigedomen ligg i nær omgjevnad til Lygra mellomalderkyrkjestad, Askeladden id nr. 84346. Kyrkjestaden, inkludert ei sikringsone på 5 m, er automatisk freda i medhald av lov om kulturminner av 9. juni 1978 nr. 50 (kml) § 4 første ledd pkt. j.

Det omsøkte tiltaket inneber påbygg til eksisterande bygningar. Tilbygg 1 ligg på sørsida av bygget og vil knapt vere synleg frå kyrkjestaden. Tilbygg 2 ligg tett på kyrkjegardsmuren, men i god avstand frå mellomalderkyrkjegarden, og inneber ikkje vesentlege fasadeendringar. Riksantikvaren vurderer det derfor slik at tilbygga ikkje vil medføre utilbørleg skjemming av Lygra kyrkjestad. På bakgrunn av omsynet til den mellomalderske kyrkjestaden, har Riksantikvaren derfor ingen innvendingar mot at det blir gitt løyve til tilbygg på gnr.58, bnr. 3, slik dette er framstilt i søknaden».

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Statens vegvesen har besvart nabovarsel 29.11.2018.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 25.11.2018.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 4 meter.

Avstand til offentleg veg er opplyst å vere 32 meter.

Vatn og avløp (VA)

Tiltaket påverkar ikkje forhold rundt vatn og avlaup.

Tilkomst, avkøyrse

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg i samsvar med pbl. § 27-4.

Ingen endringar etter tiltaket.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak utan ansvar for oppføring av 2 tilbygg til driftsbygning landbruk på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal oppførast og plasserast som vist i teikningar og situasjonsplan vedlagt søknad motteken 20.12.2018 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 18/3631

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakar:

Olav Bjørn Lygre

Ytre-Tysse 145 5650

TYSSE